

Enda eitt tretelt på Øyro

11.03.2011



Det blir stadig sett opp nye tretelt på Øyro Marina og Rabben Feriesenter. Den siste søknaden som kommunen har motteke og no skal ta standpunkt til er frå Atle Hodne, som bur i Aksdal.



Han opplysar i søknaden sin at grunneigar Geir Enes har gjeve grønt lys for oppføring etter teikningar.



Etter at kommunen gav grønt lys for tretelt (eller spikartelt som dei også kallast) har søkjarane nærmast stått i kø for å få reisa slike på Rabben og Øyro .



Kommunen set faste og strenge vilkår for utforminga, men fantasien till byggherrane er stor og det er ein variert 'ferieby' som no er reist ved dei to turistanlegga våre.



Om den er vakker og vellukka skal vi ikkje ta standpunkt til her, men det er vel i alle fall å overdriva når ein brukar telt-ordet?
'Småhytter' er det vel rettare å bruka?
Vi bringer her bilete av 5 'tretelt' så får lesarane dømma sjølve.
3 står på Rabben og 2 på Øyro.
Kva meiner du?

Av Ola Matti Mathisen